

## Referat styremøte HSG 190210.

Tid og stad: 19.februar kl.12-16, Hotel Ullensvang, Lofthus.

Tilstades: Inga W. Rørlien, Steinar Steine, Anne Lise Lien, Svein Misje, Reidar Kallestad, Turid Sundt (skrivar).

### Sakliste:

#### 1. Godkjenning av innkalling og referat frå møtet 26.01.10.

*Innkalling og referat vart godkjent utan merknad.*

#### 2. Innkomne saker til årsmøtet

##### Sak frå valnemnda om storleik på styret i HSG.

Bør vere ein intensjon at ein av medlemene i styret er geitehaldar. Ikkje naudsynt å måtte utvide styret med ein representant slik me har det i dag. I dag gjeld vedtaket om at det skal vere ein geitehaldar med 2 varamenn til styret, og dette vedtaket må i så fall erstattas med eit nytt vedtak i årsmøte.

*Styret sitt innspel til årsmøtet vert som framlegget frå valnemnda ved John Karsten Raunholm:*

*"Årsmøtet i Hordaland Sau og Geit går inn for at styrestrukturen i Hordaland Sau og Geit vert endra slik at den samsvarar med Norsk Sau og Geit sine lover for fylkeslaga ("i styret sit 5 medlemmer: leiar, nestleiar og 3 styremedlemmer..."). Når det dukkar opp saker som gjeld geitenæringa vil styret kalle inn ein fagperson frå geitenæringa.*

##### Sak frå Vossestrand Sau og Geit om antal regionar i HSG og storleiken på desse.

Vossestrand har kome med innspel om at det er for mange og små regionar i fylket. Alle regionane sit med eige valnemnd. Det er viktigare å plukke folk med engasjement og interesse enn at det skal vere ein representant frå kvar region.

*Styret sitt innspel til årsmøtet:*

*Det er for tidleg å ta saka inn for årsmøtet 2010. Styret vil informere årsmøtet om innspelet, og la det nye styret få arbeide vidare med saka. Eventuelle endringar kan kome opp som høyringssak på komande leiarmøte og så til eventuell avgjersle neste årsmøte.*

#### 3. Uttale frå Hordaland Sau og Geit til jordbruksforhandlingane 2010/11.

Styret gjekk gjennom uttalen som Inga hadde skrive på vegne av HSG. Uttalen vert ikkje referert her, men vil kome i referatet frå årsmøtet. Geit i vekst har utarbeida sin eigen uttale, og den vert vidaresendt utan endringar (viser igjen til referat frå årsmøtet).

#### 4. Arbeidsplan 2010.

Viser til vedlegg 1.

#### 5. Budsjett 2010.

Viser til vedlegg 2.

#### 6. Diverse omkring årsmøtemiddag og årsmøte.

Ulike arbeidsoppgåver vart fordelt internt i styret.

Evanger 15.mars 2010.

Turid Sundt